



Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Norges Vassdrags- Og
Energidirektorat (nve)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato: 23.05.2025
Arkivkode: K2-K40
Dykkar ref.
Vår ref. 25/469-11
25/9223
Jarle Lunde

UTTALE TIL VURDERING AV KONSESJONSPLIKT FOR ØKT PUMPEKAPASITET I SAURDAL KRAFTVERK I ULLA-FØRRE SYSTEMET I ROGALAND

Me viser brev frå NVE datert 20.03.2025 der saka blir sendt på høyring.
Villreinnemnda har fått utsett uttalefrist.

Arbeidsutvalet i Villreinnemnda behandla saka i møte 23.05.2025 og gjorde følgjande vedtak:

Villreinnemnda for Setesdalsområdet uttaler seg i lys av villrein og villreininteresser.

Setesdal Ryfylke villreinområde er sterkt påverka av fysiske inngrep i form av vasskraftutbygging og neddemming av store areal som tidlegare var viktige beite- og trekkområder. Dette saman med ferdsel på «feil» stader gjer at den samla belastninga er for stor. Kvalitetsnorm for villrein konkluderer med at tilstanden for villreinen er dårleg (ikkje godkjend). Det er derfor sentralt at ein her ikkje gjer nye inngrep som vil redusere kvaliteten ytterlegare. Tvert imot er det naudsynt med tiltak for å betre situasjonen, noko det blir arbeida med gjennom tiltaksplan for villrein. Å betre tilstanden i Setesdal Ryfylke villreinområde er eit nasjonalt mål. Samstundes veit me at endra klima vil vere utfordrande for villreinen.

Også energimarknaden endrar seg. Konesjonærane ser på moglegheitene til opprusting og utvidingsprosjekt der målet i stor grad er auka effekt. Det er det siste året blitt kjend at fleire av kraftselskapa med tilknytning til villreinområde ser på moglegheitene for pumpekraftverk.

Dersom ein skal betre situasjonen for villreinen, slik det nasjonale målet er, er det avgjerande at dei O/U-prosjekta som får løyve/konesjon er foreinlege med forvaltningsmåla for villreinbestanden.

Med bakgrunn i tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag knyt til søknad, kan ikkje villreinnemnda støtte ein konklusjon om at vasstandsvariasjonane i Blåsjø vil vere så marginale og for små til

Suldal kommune har sekretariat for Villreinnemnda for Setesdalsområdet.

Postadr.: Sandsvegen 122, 4230 Sand.
Tlf: 404 18 967
E-post: jarle.lunde@suldal.kommune.no
Nettside: www.villrein.no/setesdal-nemnd/
www.suldal.kommune.no



å kunne påverke isen utover dagens situasjon. Dermed kan me ikkje konkludere med at området sin funksjonsverdi for villreinen ikkje vil bli negativt påverka. Villreinnemnda rår derfor til at fritak frå ny konsesjonsbehandling ikkje blir innvilga.

Saksframlegg med vedtak er vedlagt.

Med helsing

Jarle Lunde
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur

Kopi til:

Agder Fylkeskommune	Postboks 788 Stoa	4809	Arendal
Rogaland Fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001	Stavanger
Statsforvaltaren I Rogaland	Postboks 59 Sentrum	4001	Stavanger
Statsforvalteren I Agder	Postboks 504	4804	Arendal
Suldal Kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Verneområdestyre for SVR	v/verneområdeforvaltar		